



Roar Angelskår
HODNESDALSVEN 153
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2043 - 22/41954

Saksbehandlar:
Svein Arne Vagane

Dato:
01.06.2022

Løyve til bygging av landbruksveg - gbnr 198/3 Hodnesdal

Administrativt vedtak: Saknr: 616/22

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Roar Angelskår løyve til bygging a landbruksveg som omsøkt på gbnr. 198/3 i Alver kommune.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stogkast omgåande og Vestland fylkeskommune – seksjon for kulturarv varslast.
- Vedtaket er gyldig til 20.06.2022.
- Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort – jf. Forskrift 2015-05-28-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Søkjar må syte for å avklare privatrettslege tilhøve om dette er turvande.
- Etter ferdig bygging skal anleggsområdet ryddast.

Saka gjeld

Roar Angelskår søker om løyve til å byggje skogveg på gbnr. 198/3. Vegen er planlagt over om lag 250m i vegklasse 4 – sommarbilveg for tømmerbil med hengar. Føremålet med vegen er å løyse ut skog (100%).

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter søk i Naturbasen og Artsdatabasen er det ikkje funne registreringar innan vegtraséen. På eksisterande veg der anleggsmaskiner må fram for å etablere vegen, er det gjort funn av Åkerriske. Denne fuglearten er kritisk truga, men funnet er frå 1977.

Søknaden har vore sendt regionalt kulturminne og internt i kommunen for vurdering i høve kulturminne- og friluftssinteresser. Søknaden er òg sendt Statsforvaltaren i Vestland.

I brev av 28.04.2022 skriv Vestland fylkeskommune at dei ikkje har kjennskap til automatiske freda kulturminne eller viktige kulturminne frå nyare tid som kjem i konflikt med den planlagde traséen. Det vert presisert at *«tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde i frå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd. Ved mistanke om kulturminne ta kontakt med Vestland fylkeskommune – seksjon for kulturarv, i avdeling for kultur, idrett og inkludering.»*

I same brev gjev fylkeskommunen melding om at *«Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for å vurdere forholdet til automatisk freda kulturminne. Varselet må innehalde fylgjande:*

- *Opplysningar om gnr., bnr. og kommune.- Kart over hogstområde og eventuelle planlagde driftevegar, velteplassar m.m.*
- *Informasjon om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.*
- *Planlagt oppstartsdato.*
- *Kontaktperson med tlf. og e-post.»*

Vår vurdering er at dette formelt sett ikkje vedkjem saka om godkjenning av vegen. Vi tek difor ikkje dette med i vedtaket, men har med dette sytt for at søkjar er informert om fylkeskommunen sine ynskjer.

I søknaden har søkjar kryssa av for at det er kulturminne i området. Det gjeld eit verneverdig steinhus.

Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune - kultur har ikkje kome med uttale i saka.

Vegen løyser ut hogstmoden skog i eit omfang av 4000m³. fordelt på 350daa produktivt skogareal. Kostnad til veganlegget er stipulert til kr 450.000,-. Med dei tømmerprisane som er i dag (bruttopris om lag 600 kr/m³), syner vegprosjektet god lønsemd.

Eksisterande tilkomstveg for anlegget er privat og det er ikkje aktuelt med avkøyrsløyve.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

Kommunen har ikkje teke stilling til eventuelle privatrettslege tilhøve ved søknaden slik som tilkomst til start for veganlegget med meir. Om det er aktuelt, må det avklarast av søkjar før start av anlegget.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2043

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vagane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roar Angelskår

HODNESDALSVEGEN 153 5915 Hjelmås